



## MØTEPROTOKOLL KOMMUNESTYRET

**Møtedato:** 27.10.2020  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 10:00 - 17:10

### Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Ordførar
Kjartan Haugsnes	SV	Varaordførar
Thor Andersen	AP	Medlem
Heidi Rongved	AP	Medlem
Lisa Natalie Johnsen Lunde	AP	Medlem
Ståle Kallestad Hesjedal	AP	Medlem
Ole-Anders Brekkhus	AP	Medlem
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Medlem
Amalie Johnsen Lunde	H	Medlem
Edvin Hesjedal	H	Medlem
Trond Olav Magnussen	H	Medlem
Ivar Rødland Bergo	SP	Medlem
Line Eide Vik	SP	Medlem
Renathe Vik	SP	Medlem
Line Kydland	SV	Medlem
Evy Beate Kvamme	SV	Medlem
Mona Grenasberg	SV	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Karin B. Groth	FRP	Varamedlem
Frøydis Gullbrå	KRF	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Arne Normann	KRF	Frøydis Gullbrå
Trygve Jakobsen	FRP	Karin B. Groth

---

**Andre møtande:**  
Rådmann Atle Fasteland,  
Kommunalsjef for oppvekst Ann Kristin Bolstad

---



Kommunalsjef for samfunnsutvikling Helge Berset,  
Kommunalsjef for helse og omsorg Solrun Hauglum  
Økonomisjef Kenneth Stokke  
Politisk sekretær Lin Tove Thomassen

---

## Saksliste

<b>SAKSNR</b>	<b>TITTEL</b>
67/2020	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
68/2020	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
69/2020	REFERATSAKER OG MELDINGAR
70/2020	HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2021-2024
75/2020	VAKSDAL SKULE – ENDELEG SLUTTHANDSAMING
71/2020	DELTAING I REGIONRÅD
72/2020	VEDTAK AV FRAMLEGG TIL NY SAMARBEIDSAVTALE MELLOM DELTAKARKOMMUNANE OG BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD, MED VERKNAD FRÅ 01.01.21.
73/2020	VAL AV MEDLEM OG LEIAR TIL FORLIKSRADET
74/2020	REPRESENTANTAR TIL ARBEIDSMILJØUTVALET
76/2020	VAKSDAL MØLLE- OPPLEVINGSSENTER - SØKNAD OM STØTTE TIL FORPROSJEKT
77/2020	UTTALE TIL SØKNAD OM RIVING AV DAM TROLLKJELEN, VAKSDAL KOMMUNE, VESTLAND
78/2020	INTERPELLASJON TIL KOMMUNESTYRET- PLAN FOR KOMPETANSEBYGGING
79/2020	INTERPELLASJON TIL KOMMUNESTYRET - EIN BREIBANDSPLAN FOR HEILE VAKSDAL
80/2020	INTERPELLASJON TIL KOMMUNESTYRET - AKSON



**67/2020: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Kommunestyret 27.10.2020**

**Behandling:**

Samrøystes godkjend.

**KOM - sak 67/2020 Vedtak/Tilråding:**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

---

**68/2020: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent slik han ligg føre.

**Kommunestyret 27.10.2020**

**Behandling:**

Samrøystes godkjend.

**KOM - sak 68/2020 Vedtak/Tilråding:**

Møteprotokollen vert godkjent slik han ligg føre.

---

**69/2020: REFERATSAKER OG MELDINGAR**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Referatsakene vert tatt til orientering.



**Kommunestyret 27.10.2020**

**Behandling:**

Kommunestyret drøfta tempoplan.

Innspel til tempoplan:

- Bruk av begrepa under arbeid/pågår og meir informasjon i kolonna Status.
- Tidfesting for forventa fullføring eller forseinking
- Strategisk næringsplan manglar informasjon om status

Innspel til områder som bør tilføyast i tempoplanen:

- Moglegheitsstudie ny barnehage på Dale
- Bruk av Dalekjellaren som fast lokale for ungdomsklubb
- Livssynsnøytralt seremonirom
- Hurtigladestasjon på Vaksdal
- Strategi bu og driveplikt
- Reglar for flaggheising
- Sentrumsplan Dale

Referatsaker og meldingar vart samrøystes tatt til orientering.

**KOM - sak 69/2020 Vedtak/Tilråding:**

Referatsakene vart tatt til orientering.

---

**70/2020: HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2021-2024**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Handlingsprogram og økonomiplan 2021 -2024 vert vedtatt slik den ligg føre.

**KOM 70/2020 - Fellesforslag frå Sp, SV og Høgre lagt fram av Kjartan Haugsnes, SV**

Kommunestyret ber om at det vert utarbeida sak om trong for kommunale bustader i 2021. Ei slik sak må ta omsyn til geografisk spreining, type bustader og status for kommunale bustader i dag.

**KOM 70/2020 - Tilleggsforslag frå Sp, SV og Høgre lagt fram av Kjartan Haugsnes,SV**

Kommunestyret ber om at handlingsplan og økonomiplan 2022 – 2025 vert handsama saman med budsjett for Vaksdal kommune 2022, hausten 2021. Handlingsplan og økonomiplan vert soleis ein del av handsaminga i formannskapet sitt budsjettseminar 2021.

**Kom 70/2020 - Framlegg til vedtak lagt fram av Heidi Rongved, AP**



Eg fremmar administrasjonen sitt forslag på ny.

**Kom 70/2020 - Tilleggsforslag frå AP lagt fram av Lisa Natalie Johnsen Lunde, AP**

Alle representantane i kommunestyret deltar på budsjettseminaret fra 2021.

**Kom 70/2020 - Tilleggsforslag frå AP ført i portalen av Lisa Natalie Johnsen Lunde, AP og fremja av Ståle Hesjedal, AP.**

Kommunestyret ber om at Rådmannen kjem tilbake med ei sak i begynnelsen av 2021, om korleis ein best mogeleg kan involvera heile kommunestyret i prosessen med handlingsprogram og økonomiplan/budsjett.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 12.10.2020**

**Behandling:**

**Amalie Johnsen Lunde, H, la fram følgjande oversendingsforslag:**

Før behandling i kommunestyret skal handlingsprogrammet knytta til oppvekst vert utvida med målsettingar for alle deler av oppvekst, inkludert skulehelse- og helsestasjonstibod, psykisk helsearbeid for born og unge og barnevern.

**På vegne av Sp,SV og Høgre la Kjartan Haugsnes fram følgjande fellesforslag:**

Kommunestyret ber rådmannen ta ut prosjekt bustader Jamne i økonomiplan. Kommunestyret ønskjer å sikre drift av mellom anna ungdomsklubb i framtida.

**Røysting**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Oversendingsforslaget frå Høgre vart samrøystes vedteke.

Fellesforslaget fekk 5 stemmer mot 2 stemmer (Thor Andersen, AP og Heidi Rongved, AP) og vart vedteke.

**FPØ - sak 60/2020 Vedtak/Tilråding:**

Handlingsprogram og økonomiplan 2021 -2024 vert vedtatt slik den ligg føre.

Før behandling i kommunestyret skal handlingsprogrammet knytta til oppvekst vert utvida med målsettingar for alle deler av oppvekst, inkludert skulehelse- og helsestasjonstibod, psykisk helsearbeid for born og unge og barnevern.

Kommunestyret ber rådmannen ta ut prosjekt bustader Jamne i økonomiplan. Kommunestyret



ønskjer å sikre drift av mellom anna ungdomsklubb i framtida.

## Kommunestyret 27.10.2020

### **Behandling:**

#### **På vegne av Sp, SV og Høgre la Kjartan Haugsnes fram følgjande fellesforslag:**

Kommunestyret ber om at det vert utarbeida sak om trong for kommunale bustader i 2021. Ei slik sak må ta omsyn til geografisk spreining, type bustader og status for kommunale bustader i dag.

#### **Kjartan Haugsnes la også fram eit tilleggsforslag på vegne av Sp, SV og Høgre:**

Kommunestyret ber om at handlingsplan og økonomiplan 2022 – 2025 vert handsama saman med budsjett for Vaksdal kommune 2022, hausten 2021. Handlingsplan og økonomiplan vert soleis ein del av handsaminga i formannskapet sitt budsjettseminar 2021.

#### **Heidi Rongved, Ap, viste til uttale frå Eldreråd og Brukarutvalet for sjukeheimane og fremja følgjande forslag:**

Eg fremmar administrasjonen sitt forslag på ny.

#### **Lisa Johnsen Lunde, AP la fram følgjande tilleggsforslag frå Ap:**

Alle representantane i kommunestyret deltar på budsjettseminaret fra 2021.

Arbeidarpartiet ved Thor Andersen ba om gruppemøte.

#### **På vegne av Arbeidarpartiet la Ståle Hesjedal, AP følgjande tilleggsforslag**

Kommunestyret ber om at Rådmannen kjem tilbake med ei sak i begynnelsen av 2021, om korleis ein best mogeleg kan involvera heile kommunestyret i prosessen med handlingsprogram og økonomiplan/budsjett.

Arbeidarpartiet sitt tilleggsforslag om at kommunestyret deltek på budsjettseminar vart trekt.

### **Røysting**

Formannskapet si tilråding vart sett opp mot Heidi Rongved, AP sitt framlegg om å behalde rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Formannskapet si tilråding vart vedteke med 15 stemmer, Heidi Rongved sitt forslag fekk 6 stemmer (AP) og falt.

Fellesforslaget frå Sp, SV og H vart samrøystes vedteke.

Tilleggsforslaget frå Sp, SV og H vart vedteke med 15 stemmer for og 6 stemmer mot (AP).



Arbeidarpartiet sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

**KOM - sak 70/2020 Vedtak/Tilråding:**

Handlingsprogram og økonomiplan 2021 -2024 vert vedtatt slik den ligg føre.

Før behandling i kommunestyret skal handlingsprogrammet knytta til oppvekst vert utvida med målsettingar for alle deler av oppvekst, inkludert skulehelse- og helsestasjonstibod, psykisk helsearbeid for born og unge og barnevern.

Kommunestyret ber rådmannen ta ut prosjekt bustader Jamne i økonomiplan. Kommunestyret ønskjer å sikre drift av mellom anna ungdomsklubb i framtida.

Kommunestyret ber om at det vert utarbeida sak om trong for kommunale bustader i 2021. Ei slik sak må ta omsyn til geografisk spreing, type bustader og status for kommunale bustader i dag.

Kommunestyret ber om at handlingsplan og økonomiplan 2022 – 2025 vert handsama saman med budsjett for Vaksdal kommune 2022, hausten 2021. Handlingsplan og økonomiplan vert soleis ein del av handsaminga i formannskapet sitt budsjettseminar 2021.

Kommunestyret ber om at Rådmannen kjem tilbake med ei sak i begynnelsen av 2021, om korleis ein best mogeleg kan involvera heile kommunestyret i prosessen med handlingsprogram og økonomiplan/budsjett.

---

**75/2020: VAKSDAL SKULE – ENDELEG SLUTTHANDSAMING**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner oppstart av bygging av ny skule på Vaksdal, og kontrakt vert signert med vald totalentreprenør.

**Kommunestyret 27.10.2020**

**Behandling:**

Heidi Rongved, AP påpeika at ho i forkant av møtet måtte be om å tilsendt meir dokumentasjon i saka, og oppmoda om at det vert lagt ved meir utfyllande informasjon for slike omfattande saker.

Rådmannen svara.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KOM - sak 75/2020 Vedtak/Tilråding:**

Kommunestyret godkjenner oppstart av bygging av ny skule på Vaksdal, og kontrakt vert signert med vald totalentreprenør.



**71/2020: DELTAKING I REGIONRÅD**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rådmannen startar prosess med mål om å søkje deltaking i det interkommunale politiske rådet Regionråd Nordhordland.

Framlegg til endeleg avtale vert lagd fram for kommunestyret til godkjenning.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 12.10.2020**

**Behandling:**

Formannskapet drøfta saka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 62/2020 Vedtak/Tilråding:**

Rådmannen startar prosess med mål om å søkje deltaking i det interkommunale politiske rådet Regionråd Nordhordland.

Framlegg til endeleg avtale vert lagd fram for kommunestyret til godkjenning.

**Kommunestyret 27.10.2020**

**Behandling:**

Kommunestyret drøfta saka.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke

**KOM - sak 71/2020 Vedtak/Tilråding:**

Rådmannen startar prosess med mål om å søkje deltaking i det interkommunale politiske rådet Regionråd Nordhordland.

Framlegg til endeleg avtale vert lagd fram for kommunestyret til godkjenning.

---

**72/2020: VEDTAK AV FRAMLEGG TIL NY SAMARBEIDSAVTALE MELLOM DELTAKARKOMMUNANE OG BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD, MED VERKNAD FRÅ 01.01.21.**





**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal kommune sluttar seg til den nye samarbeidsavtalen mellom deltakarkommunar og Bergen og Omland friluftsråd, med verknad frå 0.01.2020.

Kommunestyret stadfestar at kommunen sin representant, med tilhøyrande vararepresentant til årsmøtet, skal vere kommunen sin representant og vararepresentant i representantskapet til Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefellesskap (BOF).

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 12.10.2020**

**Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 65/2020 Vedtak/Tilråding:**

Vaksdal kommune sluttar seg til den nye samarbeidsavtalen mellom deltakarkommunar og Bergen og Omland friluftsråd, med verknad frå 01.01.2020.

Kommunestyret stadfestar at kommunen sin representant, med tilhøyrande vararepresentant til årsmøtet, skal vere kommunen sin representant og vararepresentant i representantskapet til Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefellesskap (BOF).

**Kommunestyret 27.10.2020**

**Behandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke

**KOM - sak 72/2020 Vedtak/Tilråding:**

Vaksdal kommune sluttar seg til den nye samarbeidsavtalen mellom deltakarkommunar og Bergen og Omland friluftsråd, med verknad frå 01.01.2020.

Kommunestyret stadfestar at kommunen sin representant, med tilhøyrande vararepresentant til årsmøtet, skal vere kommunen sin representant og vararepresentant i representantskapet til Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefellesskap (BOF).

---

**73/2020: VAL AV MEDLEM OG LEIAR TIL FORLIKSRÅDET**

**Valutval 12.10.2020**



**Behandling:**

Trond Olav Magnussen, Høgre la fram forslag om å velje Jan Stanghelle som medlem og leiar i Vaksdal forliksråd.

Framlegget til Trond Olav Magnussen, Høgre vart samrøystes vedteke.

**VALU - sak 14/2020 Vedtak/Tilråding:**

Valutvalet si innstilling til kommunestyret:

Jan Stanghelle vert valt som nytt medlem og leiar av Vaksdal forliksråd.

**Kommunestyret 27.10.2020**

**Behandling:**

Leiar i Valutvalet Kjartan Haugsnes orienterte om saka.

Valutvalet si innstilling vart samrøystes vedteke.

**KOM - sak 73/2020 Vedtak/Tilråding:**

Valutvalet si innstilling til kommunestyret:

Jan Stanghelle vert valt som nytt medlem og leiar av Vaksdal forliksråd.

---

**74/2020: REPRESENTANTAR TIL ARBEIDSMILJØUTVALET**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret si vurdering: \_ \_ \_ \_

**Fellesforslag Sp, SV, Høgre og Frp lagt fram av Kjartan Haugsnes, SV.**

Partia viser til uttale frå Kommunal og Moderniseringsdepartementet, dagsett 23.09.2020, som mellom anna konkuderer slik i spørsmål om kven som har kompetanse til å oppnevne/velge arbeidsmiljøutval (AMU)

«På bakgrunn av dette antar departementet at det er kommunedirektøren som skal peke ut arbeidsgiverens representantar til arbeidsmiljøutvalget. Arbeidsmiljøutvalget er et administrativt organ, og kommunestyret skal ikke velge medlemmene.»

1. Kommunestyret ber rådmannen utpeike nytt arbeidsmiljøutval (AMU) som stettar krava i arbeidsmiljøloven og kommunelova frå og med 01.01.2021.
2. Kommunestyret ber rådmannen legge fram val av arbeidsmiljøutval (AMU) som melding til kommunestyret.
3. Kommunestyret ber om at det vert avhalde minimum fem møter i administrasjonsutvalet årleg og



at dette vert lagt inn i framtidige møteplanar.

**Kommunestyret 27.10.2020**

**Behandling:**

Kommunestyret drøfta saka.

Arbeidarpartiet ved Thor Andersen ba om eit gruppemøte.

Fellesforslaget frå Sp,SV, Høgre og Frp vart samrøystes vedteke.

**KOM - sak 74/2020 Vedtak/Tilråding:**

Partia viser til uttale frå Kommunal og Moderniseringsdepartementet, dagsett 23.09.2020, som mellom anna konkuderer slik i spørsmål om kven som har kompetanse til å oppnevne/velge arbeidsmiljøutval (AMU)

«På bakgrunn av dette antar departementet at det er kommunedirektøren som skal peke ut arbeidsgiverens representantar til arbeidsmiljøutvalget. Arbeidsmiljøutvalget er et administrativt organ, og kommunestyret skal ikke velge medlemmene.»

1. Kommunestyret ber rådmannen utpeike nytt arbeidsmiljøutval (AMU) som stettar krava i arbeidsmiljøloven og kommunelova frå og med 01.01.2021.
2. Kommunestyret ber rådmannen legge fram val av arbeidsmiljøutval (AMU) som melding til kommunestyret.
3. Kommunestyret ber om at det vert avhalde minimum fem møter i administrasjonsutvalet årleg og at dette vert lagt inn i framtidige møteplanar.

---

**76/2020: VAKSDAL MØLLE- OPPLEVINGSSENTER - SØKNAD OM STØTTE TIL FORPROSJEKT**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal kommune vedtek å støtte arbeidet med utvikling av opplevingscenter Vaksdal Mølle, på Vaksdal med 400 000,-. Summen vert dekkja ved å ta av næringsfondet.

Følgjande budsjettendring vert vedteke med sum 400 000,-:

14700.1000.1000 (tilskot)

19500.1000.1000 (finansiering)



Bruk av næringsfond kto. 251080021. (fondet)

**Kommunestyret 27.10.2020**

**Behandling:**

Kommunestyret drøfta saka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KOM - sak 76/2020 Vedtak/Tilråding:**

Vaksdal kommune vedtek å støtte arbeidet med utvikling av opplevingssenter Vaksdal Mølle, på Vaksdal med 400 000,-. Summen vert dekkja ved å ta av næringsfondet.

Følgjande budsjettendring vert vedteke med sum 400 000,-:

14700.1000.1000 (tilskot)

19500.1000.1000 (finansiering)

Bruk av næringsfond kto. 251080021. (fondet)

---

**77/2020: UTTALE TIL SØKNAD OM RIVING AV DAM TROLLKJELEN, VAKSDAL KOMMUNE, VESTLAND**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal kommunestyre sender følgjande høyringsuttale til søknad om riving av dam Trollkjelen:

- Vaksdal kommune, ved kommunestyret, går imot at Småkraft AS får løyve til å fjerne dam Trollkjelen på Vaksdal. Kommunen er ikkje samd i konklusjonen frå Småkraft AS om at fjerning av dammen ikkje vil gje nemneverdige konsekvensar for kulturarv og landskap. Oppfatninga er derimot at skadane og ulempene knytt til desse forholda, vil vere vesentlege.

Dammen frå 1880 er eit kjent landemerke for Vaksdal, med murdam, vasspegel og fossefall. Dammen ligg sentralt til i bygda, og er godt synleg frå Trollkjelsvegen, fjorden og Bergensbana. Ei riving vil endre vassdraget sin karakter, og kommunen meiner at ein vil miste noko verdfullt i høve til landskapsbilete og lokal identitet. Ei tilbakeføring til slik elva/fossen var for 140 år sidan, vil truleg ikkje vera mogeleg eller ynskjeleg etter så lang tid.

Dammen i Trollkjelen må sjåast i samanheng med planane om å etablere eit opplevingssenter på Vaksdal Mølle, der det visuelle i historia vert essensielt for senteret og den pedagogiske formidlinga knytt til industriell produksjon av matmjøl.



Planstatus for området der dammen ligg, omfattar både kommuneplan og reguleringsplan. I kommuneplanen sin arealdelen er området omfatta av framtidig kombinert bebyggelse og anleggsføremål. Reguleringsplanen er "Vaksdal del vest", med planid 1982002, reguleringsføremål "friluftsområde i sjø og vassdrag". Det vert ikkje knytt særskilte merknadar i høve til planane.

Området/demningen ligg innanfor faresone for flaum. Kommunen meiner at risikoen for - og konsekvensane av - flaum grunna riving, ikkje er tilstrekkeleg vurdert. Vi ber difor om at det vert lagt fram ei vurdering om flaumvern av dagens bygningsmasse, som følgje av mogeleg riving.

Kommunestyret har ingen særskilte merknadar til konsekvensar for naturverdiar og friluftsliv i området.

Vaksdal kommune meiner at sterke, ålmenne interesser, ut frå at dammen er eit gammalt og kjent landemerke på Vaksdal, med lokal identitet, industrihistorie og verdfullt landskapsbilete, må vege tungt og føre til at dammen ikkje vert riven.

Vaksdal kommunestyre har i møtet av 22.09.20 fatta vedtak om at kommunen ikkje ynskjer å ta over dam Trollkjelen på Vaksdal, jamfør tilbodet frå Småkraft AS.

### **Kommunestyret 27.10.2020**

#### **Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **KOM - sak 77/2020 Vedtak/Tilråding:**

Vaksdal kommunestyre sender følgjande høyringsuttale til søknad om riving av dam Trollkjelen:

- Vaksdal kommune, ved kommunestyret, går imot at Småkraft AS får løyve til å fjerne dam Trollkjelen på Vaksdal. Kommunen er ikkje samd i konklusjonen frå Småkraft AS om at fjerning av dammen ikkje vil gje nemneverdige konsekvensar for kulturarv og landskap. Oppfatninga er derimot at skadane og ulempene knytt til desse forholda, vil vere vesentlege.

Dammen frå 1880 er eit kjent landemerke for Vaksdal, med murdam, vasspegel og fossefall. Dammen ligg sentralt til i bygda, og er godt synleg frå Trollkjelsvegen, fjorden og Bergensbana. Ei riving vil endre vassdraget sin karakter, og kommunen meiner at ein vil miste noko verdfullt i høve til landskapsbilete og lokal identitet. Ei tilbakeføring til slik elva/fossen var for 140 år sidan, vil truleg ikkje vera mogeleg eller ynskjeleg etter så lang tid.

Dammen i Trollkjelen må sjåast i samheng med planane om å etablere eit opplevingscenter på Vaksdal Mølle, der det visuelle i historia vert essensielt for senteret og den pedagogiske formidlinga knytt til industriell produksjon av matmjøl.

Planstatus for området der dammen ligg, omfattar både kommuneplan og reguleringsplan. I kommuneplanen sin arealdelen er området omfatta av framtidig kombinert bebyggelse og anleggsføremål. Reguleringsplanen er "Vaksdal del vest", med planid 1982002, reguleringsføremål "friluftsområde i sjø og vassdrag". Det vert ikkje knytt særskilte merknadar i høve til planane.



Området/demningen ligg innanfor faresone for flaum. Kommunen meiner at risikoen for - og konsekvensane av - flaum grunna riving, ikkje er tilstrekkeleg vurdert. Vi ber difor om at det vert lagt fram ei vurdering om flaumvern av dagens bygningsmasse, som følgje av mogeleg riving.

Kommunestyret har ingen særskilte merknadar til konsekvensar for naturverdiar og friluftsliv i området.

Vaksdal kommune meiner at sterke, ålmenne interesser, ut frå at dammen er eit gammalt og kjent landemerke på Vaksdal, med lokal identitet, industrihistorie og verdfullt landskapsbilete, må vege tungt og føre til at dammen ikkje vert riven.

Vaksdal kommunestyre har i møtet av 22.09.20 fatta vedtak om at kommunen ikkje ynskjer å ta over dam Trollkjelen på Vaksdal, jamfør tilbodet frå Småkraft AS.

---

## **78/2020: INTERPELLASJON TIL KOMMUNESTYRET- PLAN FOR KOMPETANSEBYGGING**

### **Kommunestyret 27.10.2020**

#### **Behandling:**

Interpellanten fekk ordet først for å fremja interpellasjonen.

#### **Ordførar gav slikt svar:**

*Takk for interpellasjon om korleis ta vare på, utvikle og rekruttere kompetanse i Vaksdal kommune. Ordførar vil bidra til at ein prosess med langsiktig perspektiv for dette arbeidet blir starta. Det er rift om kompetansen, og som interpellanten seier, utfordrande å rekruttere nok fagpersonell, særleg innan helse. Å ta vare på, utvikle og rekruttere kompetanse i Vaksdal heng også saman med folketalsutviklingsprosjektet. Kommunen er ein stor arbeidsgjevar i Vaksdal kommune med våre 420 tilsette i ulike stillingsbrøkar. At desse trivs og får utvikle seg skapar eit positivt omdømme. I prosessen bør me også sjå til nabokommunane våre og kva betingelsar dei tilbyr sine tilsette. Eg ser det som viktig og positivt at Vaksdal kommune aktivt posisjonerer seg som ein attraktiv arbeidsgjevar og legg konkrete planar for korleis me skal få dette til.*

Det vart opna for debatt.

Interpellanten sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **KOM - sak 78/2020 Vedtak/Tilråding:**

#### **Plan for kompetansebygging:**

Kommunestyret ber rådmannen legge fram forslag til prosess for kommunestyret i februar 2021.

---



**79/2020: INTERPELLASJON TIL KOMMUNESTYRET - EIN BREIBANDSPPLAN FOR HEILE VAKSDAL**

**Kommunestyret 27.10.2020**

**Behandling:**

Interpellanten fekk ordet først for å fremja interpellasjonen.

Ordførar gav slikt svar:

*Takk for interpellasjon, ein breibandsplan for heile kommunen vil vera eit viktig verktøy når me skal søkja om midlar til vidare utbygging. Ein slik plan er allereie tatt inn i planprogrammet som er sendt ut på høyring. Du peikar på mange viktige moment som bør inn i planen, og eg vil bidra til at dette vert inkludert når planen vert utarbeida. Breibandsutbygging i heile Vaksdal er også ei investering i innbyggjarane våre og positiv folketalsutvikling. Breibandutbygging er viktig for både vekst og vedlikehaldsvekst i dei delane av kommunen der det er svært dårleg/manglande dekning i dag.*

Det vart så opna for debatt.

**KOM - sak 79/2020 Vedtak/Tilråding:**

-----  
**80/2020: INTERPELLASJON TIL KOMMUNESTYRET - AKSON**

**Nytt forslag til vedtak frå SV, foreslått av Kjartan Haugsnes,SV**

Kommunestyret ber om at sak om Akson, felles journal for kommunale helse- og omsorgstenester, vert handsama på nytt i møte i Vaksdal kommunestyre før eventuell bindande avtale vert signert.

**Kommunestyret 27.10.2020**

**Behandling:**

Interpellanten fekk ordet først for å fremja interpellasjonen.

Etter at det er kome inn ny informasjon i saka om AKSON, fremja interpellanten nytt forslag til vedtak:

Kommunestyret ber om at sak om Akson, felles journal for kommunale helse- og omsorgstenester, vert handsama på nytt i møte i Vaksdal kommunestyre før eventuell bindande avtale vert signert.



Ordfører gav slikt svar:

*Takk for interpellasjon. 23. juni gjorde kommunestyret eit intensjonsvedtak. Allereie då var uvissa om kostnadane ved dette felles journalsystemet store, noko som motiverte oss til å ta inn ein ekstra setning i vedtaket, ei oppmoding til staten om å ta meir enn 15,9 % av utgiftene. I sommar og i haust har det kome fram nye opplysningar i saka, som skildra i interpellasjonen. Brevet frå Bent Høie som ligg som referatsak i dag viser til at om lag 66% av kommunane utanom Midt-Norge har signert. Eg meiner kommunestyret må få ny sak til handsaming der nye opplysningar er tatt inn og vurdert før me forpliktar oss endeleg, slik at kommunestyret kan ta stilling til om me framleis, med ny kunnskap, har dei samme intensjonane som i juni om å slutte oss til Akson.*

Det vart opna for debatt.

Interpellanten trakk forslag til vedtak og det vart stemt over SV sitt framlegg til vedtak, som vart samrøystes vedteke.

**KOM - sak 80/2020 Vedtak/Tilråding:**

Kommunestyret ber om at sak om Akson, felles journal for kommunale helse- og omsorgstenester, vert handsama på nytt i møte i Vaksdal kommunestyre før eventuell bindande avtale vert signert.

---





Endringer i sakslista: sak 75 vart handsama før sak 71.

**ORIENTERINGAR**

Agenda Kaupang v/ Rune Holbæk orienterte om rapport etter gjennomgang av helse- og omsorgstenesta.

Økonomisjef Kenneth Stokke, kommunalsjef for oppvekst Ann Kristin Bolstad og kommunalsjef for helse og omsorg Solrun Hauglum orienterte om Handlingsprogram og økonomiplan 2021-2024.

**Orienteringar frå ordførar:**

- Arena Vestland i regi av KS
- Ordførarsamling Vestland SP
- Styremøte Vaksdal Næringssselskap
- Stanghellekonferanse er blitt Stanghelleseminar
- Kulturkonferanse Vestland
- Prosjekt Folketalsvekst
- Beredskapssamling i regi av Fylkesmannen
- Raset i Toskedalen og møte med bebuarane
- Pasientreiser og møte med ordførar og rådmann i Modalen
- Ønske om å etablere barnehage på Bergo, møte med foreldre
- Budsjettseminar

**Orienteringar frå rådmannen:**

- Delteke på nær sagt det same som ordførar
- Møte i Næringsrådet
- Pasientreiser
- Bergsdalen skule
- Organisasjon
- Inngangsparti
- Kontakt med NVE om jordutgliding Straume
- Budsjett 2021
- Korona
- Skriftlege spørsmål etter kommunestyremøtet 22. sept.

Munnleg spørsmål frå Lisa Johnsen Lunde, AP stilt i kommunestyremøtet i juni 2020 vedkomande vikarbruk i helse og omsorg vart svart ut av rådmannen.

Kommunalsjef for samfunnsutvikling Helge Berset orienterte om prosjekt klubbhus på Geitabakken og framdrift for oppveksttun på Stamnes.

Tal arbeidsledige frå NAV – skriftleg tilbakemelding:

*Det er 129 personer som har registrert seg som arbeidsledig/arbeidsøkende i Vaksdal kommune i oktober 2020. 73 av disse 129 personene er delvis ledige.*

*Det betyr at det er 56 personer som er helt arbeidsledige i Vaksdal kommune pr. oktober 2020.*



## Vaksdal kommune

*Det er 35 personer under 30 år har registret seg som arbeidsledig. 18 av disse er 35 personene er delvis ledige. Det vil si at det 17 personer under 30 år som er helt arbeidsledige.*

*Den totale arbeidsledigheten i kommunen er 2,8 %. Konklusjonen er at vi i Vaksdal kommune har hatt en positiv utvikling der ledigheten har gått jevnt nedover siden mars.*

### **MUNNLEG SPØRJRUNDE**

Boris Groth, Frp, stilte spørsmål til møteaktiviteten for ungdomsrådet og samarbeid med dei andre råda.

Rådmannen svara

Trond Olav Magnussen, H stilte spørsmål knytt til kommunen sin dialog med innbyggjarar som er nabo til det nye leikeplassområdet for Dale skule.

Ordførar svara

Evy Kvamme, SV stilte spørsmål knytt til støy frå Pallegrossisten på Dale utan støyskjerming og støyreglar.

Rådmannen svara

Kjartan Haugsnes, SV, stilte spørsmål om det er mogleg å informere på kommunen si nettside og sosiale media om konkurransar i kommunal regi?

Rådmannen svara

Heidi Rongved, AP stilte spørsmål knytt til bordmikrofon til politiske møter som vert streama, samt solskjerming.

Rådmannen svara